

## Styremøte i Hordaland Folkemusikklag måndag 20.06.2022

Til stades på Teams: Per Øyvind Tveiten, Åslaug Timenes Bell og Ingrid Sørheim.

1. Kort gjennomgang av referat frå førre HFL- møte, og frå møtet med samordningsnemnda (23.05.22.)
  - Merknad: me ynskjer å snakka med VFK for å bli orienterte om korleis prosessen går med utviklinga av distriktsmusikarstillingane.
2. Økonomirapport:
  - Lite nytt å melde. Me har omtrent kr. 279 000,- på konto.
  - Det har blitt litt dyrare å ha konto i banken, ca. kr. 40,- per måned i ekstra utgifter.
  - Budsjettet for løyvingar for 2022 har blitt noko oppjustert.
3. Oppdatering av samarbeidet med Sogn og Fjordane Folkemusikklag:

Etter sist styremøte har vi hatt budsjett- og rapporteringsmøte med Vestland fylkeskommune (Per Øyvind møtte frå HFL Åge Avedal og Eva Kr. Svidal frå VFK). Veldig greitt møte, der vi kom fram til at eit innspel frå folkemusikklaga som grunnlag i haustens budsjettprosess vil vera bra, og med eit oppfølgingsmøte i samband med det. SFFL har hatt eit tilsvarande møte med VFK, og på nettmøte i samordningsnemnda (SFFL: Nikolai Storevik (dagleg leiar) og Knut David Hustveit, HFL: Per Øyvind Tveiten og Åslaug Timenes Bell) kom vi fram til eit opplegg omkring det.

  - Åslaug og Per Øyvind forfattar eit innspel til råutkastet av eit fellesnotat som skal sendast til fylket.
4. Vestlandskappleiken 2023:

FolkOrg fyller 100 år i 2023 og har planlagt stor jubileumskonsert i Grieghallen den 14. oktober 2023. Dei er interessert i at det skjer meir i samband med konserten, m.a. Vestlandskappleik. Dei ba difor om ein samtale: Per Øyvind møtte dei 13. juni og fekk med leiar i Bergen ungdomslag Ervingen (Marit Kvamen). Frå FolkOrg møtte Linda Dyrnes og den nytilsette prosjektleiaren for jubileet (Ann Helen Erichsen).

Dette var eit «idemøte», og ideane yngla. Sjølv jubileumskonserten blir eit opplegg med «profesjonelt tilsnitt». Ei førestilling a la Operakonserten hadde vore drøfta, men gått bort frå. Ideen med «storspelemannslag/storspelejuniorpelemannslag» eller liknande var interessant. Elles vil ein gjerne ha aktivitet ute i byen, og folkemusikken og –dansen bør visa att i bybiletet denne helga. VK må tilpassa seg konserten (kl. 19:00), og det er vel gjerne av interesse å ha

ein god gjesteklasse. Avsluttande felles dansefest kan kanskje vera på hotell Terminus, hotellet ligg bra til attmed jernbanestasjonen, har samarbeidsavtale med Grieghallen og orden på skjenkeløyve osv. Bergen Ungdomslag Ervingen er interessert i å vera med på tiltaket.

Som ei sikring for hus er Fensal og Gimle tinga. Griegakademiet er også oppe som alternativt lokale med øvingsrom og evt. som tevlingsarena. Elles vart partane samde om å ha god kontakt framover, siktemålet er å ha grovskisser/budsjett klart i slutten av året m.a som grunnlag for søknader.

- Til hausten skal me drøfta kva for ei rolle HFL skal ha i dette arrangementet.

5. Vestlandskappleiken 2022:

- Ingrid og Åslaug skal koma med framlegg til dommarar veka etter Landskappleiken.

6. UngLåt:

Kurstilbodet UngLåt i samband med Førdefestivalen blir arrangert. Det er no godt finansiert, og det ser såleis ikkje ut for at vår avsette underskotsgaranti blir aktuell. Diverre er påmeldinga låg: ein på durspel, ein på song og ein på dans. Arrangøren arbeider med å finna gode løysingar – økonomien tillét at mestedelen av instruktørane kan behaldast.

Arbeidsgruppa hadde eit kort møte 14.6, fleire kan blir aktuelt.

7. Stipend frå VFK – kunstnarstipend og folkemusikkstipend

Søknadsfristen var 1. juni. Per Øyvind har sagt ja til å vera representant frå HFL for dei to neste åra.

8. Neste HFL-møte er sett til måndag 22. august.